

Plan for omsorgsberedskap i Sykkylven kommune



SYKKYLVEN

Sykkylven kommune



Innhald:

1.	Innleiing	3
2.	Lovrunnlag og forankring.....	3
3.	Samansetting av omsorgsberedskapsgruppa	3
4.	Omsorgsberedskapsgruppa si rolle.....	3
5.	Hendingar som kan involvere omsorgsberedskapen	4
6.	Aktivering av omsorgsberedskapsgruppa	5
7.	Organisering av arbeidet.....	5
a.	Internt i gruppa	5
b.	Viktige oppgåver i psykisk emosjonell førstehjelp første timer og dagar etter hending	5
c.	Kor lenge skal omsorgsberedskapen vere involvert.....	6
d.	Teieplikt.....	6
e.	Evaluering – oppfølging av gruppa.....	6
8.	Meldingsrutinar – informasjon m.m	6
9.	Dokumentasjon/loggføring	7
10.	Støtteelement og ressursar	7
11.	Administrative tilhøve	7
12.	Revidering av planen	8
13.	Vedlegg:	8



1. Innleiing

Omsorgsberedskapsgruppa (somme stader kalla psykososialt kriseteam) er ei tverrfagleg samansett gruppe som har ansvar for tidleg innsats ved psykososial oppfølging. Gruppa har i tillegg i oppgåve å medverke til at ramma og berørte enkeltpersonar, familiar og lokalsamfunn får tilbod om forsvarleg psykososial oppfølging og støtte frå det ordinære hjelpeapparatet i etterkant av kritiske hendingar.

Oppfølginga har som mål å fremme mestring i ein akutt fase, oppretthalde sosial fungering og bidra til å dempe reaksjoner og symptomer. Formålet er å førebygge framtidige helseproblem og/eller sosiale problem og bidra til god livskvalitet på sikt.

2. Lovrunnlag og forankring

Kriseleiinga har overordna ansvar for samfunnsberedskapen i kommunen, for å beslutte nødvendige tiltak i høve til samfunnssikkerheit, krise og beredskap.

Plan for omsorgsberedskap er ein delplan knytt til "Plan for kriseliing i Sykkylven kommune", og er såleis ein del av samfunnsberedskapen i kommunen.

Leiar for omsorgsberedskapen vert kalla inn til kriseliinga når ordføraren finn det naudsynt. Kriseliinga oppnemner omsorgsberedskapsgruppa.

3. Samansetting av omsorgsberedskapsgruppa

Margit Aure Overå, leiar omsorgsberedskapsgruppa

Karoline Lied

Erlend Lunde

Ane Birgitte Eliassen, kommuneoverlege

Tony Gjerde, politiet

Øyvind Fet, rådgjevar oppvekst

Beth Østro Eidem

Torill Skjeret, rådgjevar/beredskapskoordinator - sekretær

4. Omsorgsberedskapsgruppa si rolle

Omsorgsberedskapsgruppa i Sykkylven kommune skal aktiverast dersom akutte hendingar utløyer behov for omsorg og psykososiale støttetenester utover det som kan tilbydast og organiserast gjennom dei ordinære hjelpetenestene til kommunen, lensmannen og kyrkja.

Omsorgsberedskapen skal ikkje erstatte den støtte og hjelp familie, vene og nærmiljøet kan gi. Den må heller ikkje ta ifrå individet, familie, vene og nærmiljø det ansvaret dei har for seg sjølv, sine næraaste og miljøet sitt.



SYKKYLVEN

Ansvarskjeden ved kriser vil såleis vere:

- Sjølvhjelp
- Hjelp frå familie og vener
- Hjelp frå nærmiljø og lokalsamfunn
- Hjelp frå primær helse- og sosialteneste
- Hjelp frå psykiatrisk spesialisthelseteneste
- Hjelp frå nasjonale ressursmiljø etter vurdering av krisa/katastrofen sitt omfang

Omsorgsberedskapen sin funksjon:

Ulykker/dødsfall innafor kommunal verksem

Når ulykker/dødsfall skjer innafor kommunal verksem i Sykkylven kommune, føreset ein at verksemda sjølv har plan for korleis dette skal handterast. Omsorgsberedskapsgruppa kan bistå ved behov.

Ulykker/dødsfall utanfor kommunal verksem

Omsorgsberedskapen skal varslast i samsvar med planverket. Omsorgsberedskapsgruppa kan aktiverast gjennom kriisleiinga, politiet eller AMK, jf pkt 6. Vidare kallast inn ved etablering av evakuerte- og pårørandesenter.

5. Hendingar som kan involvere omsorgsberedskapen

Desse hendingane kan vere grunnlag for å aktivere omsorgsberedskapsgruppa;

- Brå og uventa ulykker
- Sjølvmortd
- Brann
- Drap
- Sakna-situasjonar
- Andre kriser og traumatisererande hendingar som truer liv og helse
- Personar eksponert for sterke sanseintrykk

Ved hendingar som medfører at det vert oppretta evakuerte- og pårørandesenter (EPS) vil omsorgsberedskapen bli trekt inn som ein del av dette, for å ivareta den psykososiale oppfølginga.



SYKKYLVEN

6. Aktivering av omsorgsberedskapsgruppa

Omsorgsberedskapsgruppa vert aktivert på følgjande måte:

- Etter pålegg frå kriseleninga i kommunen (Ordførar og/eller rådmann)
- På eige initiativ frå medlemmene i gruppa
- Etter initiativ frå følgjande instansar:
 - Vakthavande lege
 - Politivakta/Politisentralen i Ålesund
 - Ambulansepersonell
 - AMK-sentralen
 - Vakthavande brannbefal

Aktivering skjer ved å ringe Legevaktsentralen 116 117.

Den som aktiverer omsorgsberedskapsgruppa, gir opp årsaka til aktiveringa så godt det let seg gjere.

Legevaktsentralen ringer då første person på lista og går ev nedover på lista.

Legevaktsentralen gir melding om

- hvilket omsorgsberedskapsgruppa vert innkalla,
- kven som har rekvisert,
- telefonnr på rekvisienten

Når kontakt er oppretta med omsorgsberedskapsgruppa, ringer Legevaktsentralen attende til oppdragsgivar og melder at kontakten er oppretta.

Leiar eller ev. operativ leiar i omsorgsberedskapsgruppa avgjer kven andre i gruppa som skal kontaktast og melder attende til rekvisient om korleis oppdraget er tenkt utført.

Det er også viktig å orientere resten av gruppa, slik at heile gruppa er orientert om aktiviteten. Og dermed også at dei ev. må vere budd på å bli innkalla etter kvart. Jfr. pkt 8.

7. Organisering av arbeidet

a. Internt i gruppa

Gruppa vel sjølv koordinator for den aktuelle hendinga.

Gruppa samordnar arbeidet sitt sjølv.

Leiaren kallar inn gruppa til møte minst ein gong per halvår og møte med dei friviljuge ein gong i året.

b. Viktige oppgåver i psykisk emosjonell førstehjelp første timer og dagar etter hending

- Psykologisk og fysisk omsorg for å skape tryggheit og dempe uro
- Bistå til kontakt og gjenforening med nærmeste pårørande, evt vener eller anna sosialt nettverk
- Sikre gode system for loggføring
- Sikre etablering av kontakt og samarbeid med politi/redningspersonell/sjukehus og omsorgsberedskap (kriseteam) på den ramma sin heimstad
- Ta hand om menneske med spesielle behov for omsorg og støtte
- Informasjon til dei ramma om kva som vil skje vidare, (obs; jfr. pkt 8 - ikkje informasjon til media)
- Henvising vidare for dei som treng fagleg hjelpe på anna nivå



c. Kor lenge skal omsorgsberedskapen vere involvert

Det må drøftast om det er aktuelt med vidare oppfølging eller om dette skal overlastast til det ordinære hjelpeapparatet.

Lengd på oppfølging etter kriser og katastrofer vil variere. Medlemmene i omsorgsberedskapsgruppa må vurdere om det er aktuelt, og når det er aktuelt med overføring til hjelp/bistand i det ordinære hjelpeapparatet.

Ein må ikkje trekke seg ut før andre har tatt over.

d. Teieplikt

Oppgåver knytt til arbeid i omsorgsberedskapen er å sjå på som helsetenester når det gjeld teieplikt. Ein kan også ha teieplikt etter forvaltningslova.

Det skal innhentast informert samtykke før ein kan drøfte hendinga i eit større forum.

Med mindre pasienten motset seg det, kan teiepliktbelagte opplysningar gjevast til samarbeidande personell når det er nødvendig for å gi forsvarleg helsehjelp.

e. Evaluering – oppfølging av gruppa

Ved ei større hending tek leiar i gruppa initiativ til innkalling av omsorgsberedskapsgruppa 1-2 døgn etter den akutte krisa er over.

Her skal siste krisehandtering evaluera.

Ved mindre hendingar tek ein gjennomgangen på neste møte i gruppa.

Viktige element i eit slikt erfaringsmøte vil vere:

- å vurdere det som fungerte bra, og ev. det som vart opplevd som frustrerande, og kva som kan gjerast betre
- å fange opp dei som treng individuell oppfølging
- å formidle hjelp og gi råd til mestring
- å legge til rette for gjensidig sosial støtte i gruppa og formidle anerkjennelse av innsatsen og støtte frå leiinga

8. Meldingsrutinar – informasjon m.m

Leiar i omsorgsberedskapen (ev. operativ leiar) orienterer kriseleiinga v. ordførar når gruppa vert aktivert.

Likeeins kontaktar ordføraren leiar i omsorgsberedskapen, dersom han får melding om hendingar der omsorgsberedskapen kan kome til å få ei rolle.

Alle medlemmer i gruppa skal orienterast (sms) når delar av gruppa er aktivert. Jfr. pkt 6.

Medlemmer i omsorgsberedskapsgruppa skal ikkje gi informasjon til media.
Kriseleiing eller kommunaleiing har ansvar for all mediakontakt.



SYKKYLVEN

9. Dokumentasjon/loggføring

Alle som yt helsehjelp, skal registrere relevante og nødvendige opplysninger om personen som vert gjeve (kravet om forsvarlegheit).

Relevante og nødvendige opplysninger vil vere opplysningar som har relevans for seinare behandling og oppfølging.

Dersom pårørande sjølv mottek helsehjelp som følgje av påkjennings med ulykke, krise eller katastrofe, skal det først eigen journal for pårørande som pasient. Teiepliktbelagt informasjon om pasienten sine pårørande skal ikkje førast i i pasienten sin journal.

Det kan vurderast å opprette ein eigen journaldel for helsehjelp/omsorgsberedskap i Profil.

Vidare skal det skrivast anonymisert og enkel logg i ePhorte, om hending og skisse av omsorgsberedskapsgruppa sine aktivitetar.

(Ev. bruk av dsb-cim krisestøtteverkty vert avklart særskilt)

10. Støtteelement og ressursar

Innan kvar skulekrins er det ei gruppe av frivillige.

Sekretæren har ansvar for å halde lista over desse oppdatert.

Denne gruppa/desse gruppene vart utpeika etter oppmading frå fylkesmannen. Det skulle vere ei gruppe frivillige personar som i krise og sorgsituasjonar vert utkalla til å yte omsorg til medmenneske i akutt sorg og naud.

Målsetting (f-sak 158/00):

«Organisere trøyst, hjelp, husrom, mat, informasjon og liknande ved dødsfall, forsvinning og andre helse og sosiale katastrofer der fleire er råka»

Medlemmane er med som privatpersonar utan rett til godtgjersle. Ved ein krisesituasjon vil det truleg vere trøng for nokre få av gruppa, men omsorgsberedskapsgruppa veit at dei som står på vedlagte liste med namn og telefonnummer er villige til å la seg bruke når leiinga finn det naudsynt.

Alle medlemmane i frivillig-gruppa skal årleg få tilsendt namneliste over alle i gruppa.

11. Administrative tilhøve

Gruppa vurderer sjølv kontinuerleg samansettinga av gruppa og ev. behov for endringar.

Ved endring i samansetting av omsorgsberedskapsgruppa og/eller dei friviljuge, skal ny liste sendast til:

- Legevaktsentralen
- Politisentralen i Ålesund
- AMK-sentralen
- Kriseleiinga



SYKKYLVEN

Beredskapskoordinatoren i kommunen er ansvarleg for å oppdatere og sende ut nye varslingskort til Kriseleiinga i kommunen og medlemmane i omsorgsberedskapsgruppa.

Personar som er tilsette i kommunen kan berre vere med i omsorgsberedskapsgruppa i samråd med einingsleiaren sin. Personar utanom kommunen som deltek i innsats vil kunne få dekt lønn etter avtale. Dei må avklare tidsbruken med arbeidsgjevaren sin.

Kommunalt tilsette som tek del i omsorgsberedskap utanfor ordinær arbeidstid i ein krisesituasjon vil få lønn/høve til avspasering etter reglane for dette.

Innsats som strekkjer seg over meir enn 1 døgn, skal avklarast med einingsleiar.

12. Revidering av planen

Planen skal rullerast kvart fjerde år, med årleg gjennomgang for vurdering av mindre revisjonar.

13. Vedlegg:

- a. Oversyn over frivilliggruppene
- b. Kriseleiinga sitt ressursoversyn (kriseleiinga fordeler og prioriterer)
- c. Sjekkliste for psykososial oppfølging
- d. Skjema for registrering av ramma
- e. Skjema for registrering av pårørande

(Vedlegga og er tilgjengelege i Risk manager, Beredskap, Omsorgsberedskapsgruppa)